



Vestskog
Skogbruksleiar Kenneth Aaland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1808 - 16/14309

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
08.07.2016

Svar på spørsmål om søknadsplikt ved gravedrifter

Viser til dykkar epost dagsett 29.04.2016 der de spør om søknadsplikt knytt til gravedrifter. Meland kommune ser at det kan vere terrengmessige utfordringar knytt til skogsdrift i Meland, og at det difor kan vore trong for å grave midlertidige driftsvegar. Det er forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta) som legg føringar for kva tiltak som kan gjennomførast utan å søke løyve frå kommunen. De spør om kommunen kan i samarbeid med Vestskog finne føresetnader for når det skal søkast om løyve. Etter landbruksvegforskrifta vil midletidige vegar verte søknadspliktige ved lengde over 150 meter, skjæring eller fylling meir enn 1 meter og at arealet ikkje overstiger 450 m², jf. § 1-3.

Kommunen ser at det vil medføre meir administrasjon i samband med drifter, på korte strekk der skjæring eksempelvis blir høgare enn 1 meter. Men kommunen har ikkje anledning til å gi en generell fullmakt til å dispensere frå dette sjølv på kortare lengder. Kommunen vil her vise til landbruksvegforskrifta § 1-1, til dei omsyn forskrifta skal ivareta ved planlegging og bygging av landbruksvegar. Kommunen vil her særleg trekke fram omsynet til kulturminner som eit vesentleg moment.

Ved planlegging av drifter vil det vere i hovudsak klarlagt om det er trong for graving eller ikkje. Det vil difor vere avklart om det er eit søknadspliktig tiltak som må sendast til uttale til regionale styresmakter. Meland kommune vil vere behjelpelig med å avklare om eit tiltak er søknadspliktig om dette er ønskelig.

Dersom de har fleire spørsmål er det bare å kontakte Meland kommune v/ skog og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Vestskog

Skogbruksleiar
Kenneth Aaland